



NOREGS HØGSTERETT

D O M

sagt 26. juni 2019 av Høgsterett i avdeling med

dommer Bergljot Webster
dommar Henrik Bull
dommar Knut H. Kallerud
dommar Ingvald Falch
dommer Borgar Høgetveit Berg

HR-2019-1230-A, (sak nr. 19-009047SIV-HRET)
Anke over Agder lagmannsretts dom 21. november 2018

A (advokat Mette Renholt Ackenhausen – til
prøve)

mot

B (advokat Leif Oscar Olsen)

R Ø Y S T I N G

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld spørsmål om ein forelder kan flytte til utlandet og ta med seg felles born.
- (2) B – mor – er fødd i 1980 i Italia. Ho vaks opp i ein landsby i Toscana der foreldra hennar framleis bur. Ho har ingen sysken. B har lært seg norsk og har fast 100 prosent stilling i ein barnehage i Z. Ho har teke barne- og ungdomsfagarbeidarutdanning på fritida.
- (3) A – far – er fødd i 1974 og oppvaksen i X. Han har to born frå eit tidlegare forhold. Desse borna er fødde i 2000 og 2004. A har hatt samvær med dei annankvar helg. Foreldra til A er skilde. Mor bur på Y. A har fagbrev som røyrleggjar og variert yrkesbakgrunn. Han har nyleg etablert eit enkeltpersonføretak.
- (4) B og A møttest i 2007 og flytta saman i Noreg i 2008. Dei gifta seg i Italia i 2011. Saman har dei borna C og D, fødde i februar 2013 og april 2014.
- (5) Paret har hatt tankar om å flytte til Italia. Alt då B flytta til Noreg, var hennar føresetnad at paret seinare skulle flytte til Italia. Også A har hatt ynskje om å flytte til Italia. Språk, økonomi og særleg omsynet til særkullsborna hans har hindra dette.
- (6) B og A vart separerte i 2016. Etter brotet har mor overteke partanes felles bustad i Z. Far budde fram til i februar i år i ei leilegheit i huset til mor hans på Y. I februar i år flytta han til ei leilegheit i Z.
- (7) Mor reiste 16. januar 2017 søksmål mot far med krav om å ha foreldreansvaret aleine, at borna skal bu fast hjå henne og ha samvær med far. Far tok til motmæle, og kravde at partane skulle ha delt foreldreansvar, at borna skulle bu fast hjå han og ha samvær med mor. I eit saksførebuande møte i tingretten 15. mars 2017 inngjekk partane ei mellombels avtale om at borna skulle bu fast hjå mor og at far skulle ha eit omfattande samvær, mellom anna annankvar helg, ein dag annankvar veke med opptrapping og elles tre sommarferieveker. Avtala har blitt praktisert vidare med små justeringar.
- (8) I sluttinnlegget til tingretten utvida mor påstanden med krav om at ho kunne flytte med borna til Italia. Påstanden knytt til foreldreansvaret vart endra til felles foreldreansvar. Også far endra påstanden. Han kravde at borna skulle bu fast hjå begge foreldra, og at mor ikkje fekk lov til å flytte til Italia med borna.
- (9) Psykologspesialist Arne Brathagen var oppnemnt som sakkunnig for tingretten. Han meinte at borna burde bu hjå mor, at far burde ha samvær, og at det ikkje var grunn til å uroe seg for situasjonen til borna. Slik eg les rapporten hans, meinte han at spørsmålet om flytting til Italia var noko partane måtte bli samde om og ikkje overlate til retten. Han tok ikkje noko klart standpunkt til spørsmålet om flytting.
- (10) I Nordre Vestfold tingretts dom 17. april 2018 fekk mor ikkje medhald i kravet om å flytte til Italia med borna. Retten gav derimot dom for at partane skulle ha felles foreldreansvar, at borna skulle bu fast hjå mor, at far skulle ha eit nærare bestemt – relativt omfattande – samvær, og at partane måtte bera eigne sakskostnader.

- (11) Mor anka tingrettens dom – flyttespørsmålet – til lagmannsretten. Far tok til motmæle og kravde ytterlegare samvær. Under ankeforhandlinga vart det avklart at partane ville inngå ei ny samværsavtale dersom mor fekk medhald i kravet om å flytte til utlandet med borna.
- (12) Psykologspesialist Arne Brathagen forklarte seg for lagmannsretten under ankeforhandlinga. Heller ikkje under ankesaka gav Brathagen uttrykk for noko klart standpunkt til spørsmålet om flytting. Lagmannsretten oppfatta han slik at begge alternativa vil kunne vera gode for borna dersom forholda vart lagt til rette og partane samarbeidde godt.
- (13) I Agder lagmannsretts dom 21. november 2018 fekk mor medhald i kravet om å flytte til Italia med borna. Retten kom under tvil til at det var «sannsynlighetsovervekt for at barna samlet sett vil få det best dersom de flytter med sin mor til Italia». Kvar av partane måtte bera sine egne sakskostnader også for lagmannsretten.
- (14) Far anka lagmannsrettens dom til Høgsterett. Anken var retta mot rettsbruken, sakshandsaminga og provdøminga. Ankeutvalet fremja 4. februar 2019 anken over provdøminga og rettsbruken, jf. HR-2019-199-U.
- (15) Psykolog Wenke Siljeholm er oppnemnt som ny sakkunnig for Høgsterett. Ho har utferda ei skriftleg erklæring og har i tillegg forklart seg munnleg under ankeforhandlinga i Høgsterett. Det har vore bevisopptak av partane til bruk for Høgsterett. Siljeholms konklusjonar avvik noko frå psykologspesialist Brathagens vurderingar. Rådet frå Siljeholm er at mor bør få lov til å flytte til Italia med borna.
- (16) Den ankande parten – A – har i grove trekk gjort gjeldande:
- (17) Barnets beste er avgjerande for om mor skal få lov til å flytte til Italia med borna. Det må krevjast ei viss sannsynlegheitsovervekt for at flytting vil føre til fordelar for borna, dersom ein skal endre ei velfungerande ordning. Det er ein presumsjon for at barnets beste ikkje er å flytte.
- (18) Begge borna er velfungerande og har ei trygg og god tilknytning til begge foreldra. Borna er etablerte i Z der mor har overteke den tidlegare felles bustaden. Borna går i den same barnehagen og har vener i nærmiljøet. Far og delar av fars familie bur også i Z. Borna er ikkje spesielt sårbare og har ingen spesielle behov. Begge foreldra varetek behova til borna på ein god måte.
- (19) I vurderinga av barnets beste er det viktigaste momentet best samla foreldrekontakt. Det må krevjast noko meir for å få aksept for å flytte ut av landet enn å flytte innom riket. Ved at lovgjevar har gjeve domstolane heimel til å gje samtykke til flytting ut av landet utan å gje den forelderen som skal flytte foreldreansvaret aleine, må det krevjast at det ligg føre særlege grunnar for å flytte. Det vil vera krevjande for far å reise sak om endring av samvær for ein italiensk domstol. Flytting til Italia vil innebera at borna ikkje lenger har far til stades som ressurs i kvardagen. Far vil bli ein «feriepappa» utan innverknad på bornas kvardagsliv. Borna vil heller ikkje oppretthalde den same kontakten med sine eldre halvsysken. Det er urealistisk med omfattande samvær etter flytting. Den lange reisa vil vera tung for borna, og kostbar for foreldra.
- (20) Det er ikkje sannsynlegheitsovervekt for at bornas totale omsorgssituasjon blir betre ved flytting til Italia med mor, enn å bu i Noreg der også far bur. Status quo-prinsippet,

omsynet til best mogleg samla foreldrekontakt og risikoen for miljøskifte tilseier at borna framleis bør bu i Noreg. Den noverande omsorgssituasjonen med begge foreldra i nærleiken er god og velfungerande. Mor er ein god omsorgsperson for borna også i Noreg.

(21) A har sett fram slik påstand:

- «1. B tillates ikke å flytte til Italia med C, f. 00.00.2013 og D, f. 00.00.2014.
2. C, f. 00.00.2013 og D, f. 00.00.2014, skal ha slikt samvær med sin far A:
 - partallshelger fra fredag ettermiddag etter barnehage/skole til mandag morgen. Far henter og leverer i/på barnehage/skole.
 - partallsuker fra onsdag ettermiddag til torsdag morgen. Far henter og leverer i/på barnehage/skole.
 - oddetallsuker fra onsdag ettermiddag til fredag morgen. Far henter og leverer i/på barnehage/skole.
 - annenhver jul- og nyttårshelg. Julehelgen varer fra 23.12 til 28.12 og nyttårshelgen varer fra 28.12 til 01.01. Julehelgen 2018 hos far.
 - påsken deles. Første del varer fra fredag før palmesøndag til onsdag før skjærtorsdag. Andre del varer fra onsdag for skjærtorsdag til andre påskedag. Dette alternerer fra år til år.
 - annenhver høst- og vinterferie.
 - tre uker i sommerferien, hvorav to sammenhengende.
3. B dømmes til å betale sakens kostnader for tingrett, lagmannsrett og Høyesterett.»

(22) Ankemotparten – B – har i grove trekk gjort gjeldande:

(23) Barnets beste er avgjerande for om mor skal få lov til å flytte til Italia med borna, jf. barnelova § 48. Det er ingen presumsjon for at barnets beste ikkje er å flytte.

(24) Sjølv om borna har sterk tilknytning til noverande bustad og nettverk, har dei også sterk tilknytning til mors heimstad i Italia. Dei har vore mykje der og snakkar italiensk. Borna er meir knytte til besteforeldra på mors side enn på fars side. Mor har eit stort nettverk på heimstaden sin med familie og vener. Mor er sikra arbeid i Italia, og vil bli gjeldfri ved flytting dit. Risikoen for negative konsekvensar for borna ved miljøskiftet er svært liten, samstundes som mor vil bli betre i stand til å takle oppgåvene som omsorgsperson for borna i Italia. Det vil, samla sett, vera klart betre for borna å bu med mor i Italia enn å bu med mor i Noreg.

(25) Mor vil gjera det ho kan for at borna skal halde så god kontakt med far og halvsyskena som mogleg etter ei flytting. Mor vil leggje til rette for omfattande samvær, både i Italia og i Noreg, særleg i feriar. Far kan kome til Italia når han ynskjer, og kan disponere eigen bustad gratis hjå mors foreldre. Mor vil også legge til rette for at borna får jamleg kontakt med far ved videosamtaler.

(26) B har sett fram slik påstand:

«Prinsipalt

Anken forkastes.

Subsidiært

Samvær fastsettes etter Høyesteretts skjønn.

I begge tilfelle

A dømmes til å erstatte B / det offentlige saksomkostninger for alle instanser.»

- (27) *Eg er komen til at anken ikkje fører fram.*
- (28) *Dei rettslege utgangspunkta*
- (29) Barnelova § 40 andre ledd fyrste punktum slår fast at når foreldre har foreldreansvaret saman, kan den eine av dei ikkje flytte ut av landet med barnet utan samtykke frå den andre.
- (30) Tidlegare var det slik at dersom foreldra ikkje vart samde, måtte den av foreldra som ville flytte, gå til sak for å få foreldreansvaret aleine. Konsekvensen av at den eine fekk tilkjent foreldreansvaret aleine, var mellom anna at vedkomande då kunne flytte med barnet til utlandet, jf. barnelova § 40 fyrste ledd. Dette vart endra i 2015 med verknad frå 1. juli 2016. Barnelova § 56 fyrste ledd tredje punktum gjev no heimel for at sak om flytting med born ut av landet kan reisast av ein forelder med foreldreansvar utan at det samstundes blir kravd at vedkomande skal ha foreldreansvaret aleine.
- (31) Endringa i barnelova § 56 vart vedteken ved lov 4. september 2015 nr. 85 om jurisdiksjon, lovvalg, anerkjennelse, fullbyrdelse og samarbeid vedrørende foreldremyndighet og tiltak for beskyttelse av barn (lov om Haagkonvensjonen 1996). Endringa var ikkje naudsynt for å gjennomføre konvensjonen i norsk rett, men la til rette for at lovgjevinga vart godt tilpassa konvensjonen og føremålet med denne, jf. Prop. 102 LS (2014–2015) side 70–71 og 76. Løysinga var i tråd med eit «minste inngreps prinsipp» og heimlar såleis eit større handlingsrom for domstolane til å finne gode løysingar i konkrete saker til beste for barnet, jf. proposisjonen side 76 og 77.
- (32) Etter barnelova § 48 fyrste ledd skal avgjerder om foreldreansvar, flytting med barnet ut av landet, kven barnet skal bu fast saman med og samvær, og handsaminga av slike saker, «først og fremst» rette seg etter det som er det beste for barnet. Alternativet om flytting med barnet ut av landet kom inn i lova ved den nemnte lovendringa i 2015.
- (33) Av førearbeida til lovendringa går det fram at det dågjeldande vilkåret om barnets beste også skulle gjelde ved flytting til utlandet, jf. Prop. 102 LS (2014–2015) side 9, 78 og 114. Det er ikkje spor i førearbeida av at vurderinga av barnets beste skal vera annleis for spørsmålet om flytting enn elles. Førearbeida ser ut til å føresette at norma om barnets beste i barnelova § 48, jf. også Grunnlova § 104 andre ledd og FNs barnekonvensjon artikkel 3 nr. 1, vart ført vidare også når vurderingstemaet er flytting til utlandet.
- (34) Barnelova § 48 er omtalt slik i Ot.prp. nr. 104 (2008–2009) side 19–20:

«Som det går fram innledningsvis under beskrivelsen av gjeldende rett, følger det av dagens lovgivning at visse viktige hensyn skal tillegges vekt i barnets beste-vurderingen. Videre har det gjennom rettspraksis utkrystallisert seg momenter som vil være relevante i en vurdering av barnets beste og kan gi illustrasjoner av hvordan forskjellige hensyn avveies mot hverandre. For øvrig er barnets beste et forholdsvis åpent begrep. [...]

Slik departementet ser det, er det en styrke at begrepet barnets beste ikke bindes for mye opp, men gir det nødvendige rom for individuelle vurderinger og en helhetsbedømmelse av barnets situasjon i hver enkelt sak. [...]

Det er etter departementets oppfatning vanskelig å lovfeste ytterligere hensyn på en måte som gir god veiledning til foreldrene, herunder finne formuleringer som gir en tilstrekkelig dekkende beskrivelse av innholdet i disse. Videre vil det, innenfor rammen av en lovtekst, være vanskelig å si noe om hvordan de ulike hensyn bør vektas og avveies mot hverandre. [...]»

- (35) I nokre samanhengar har lovgjevaren likevel fylt «barnets beste»-vurderinga med eit nærare innhald, sjå til dømes barnelova § 43 andre ledd tredje punktum om vurderinga av samvær. Her er det trekt fram ein del moment som det skal leggjast vekt på i vurderinga av barnets beste. Desse momenta vil vera relevante også utanfor verkeområdet, men er ikkje uttømande.
- (36) Kva som er barnets beste må under alle omstende alltid vurderast konkret ut frå alle relevante moment, jf. Rt-2010-216 avsnitt 26.
- (37) Søksmålsbyrden ligg på den som ynskjer å flytte, jf. barnelova § 56 fyrste ledd tredje punktum. Den ankande parten har gjort gjeldande at den som ynskjer å flytte, også har tvilsrisikoen for at vilkåra for dette er oppfylte, og med det må sannsynleggjera at endringa er til beste for barnet. Eg kan ikkje sjå at det er haldepunkt i ordlyden eller i førearbeida for eit slikt synspunkt. Vurderinga av kva som er til beste for barnet er ikkje ei tradisjonell provvurdering. Det er tale om ei brei framtidretta vurdering av dei alternativa som ligg føre, der ein veg moglegheitene for at det blir betre opp mot risikoen for at det blir verre. Ein kan til dømes ikkje sjå bort frå konkrete risikofaktorar sjølv om dei er mindre sannsynlege.
- (38) Det er frå den ankande parten gjort gjeldande at når foreldreansvaret etter lovendringa i 2015 er splitta, må vilkåra for at det ikkje skal vera felles foreldreansvar etter samlivsbrotet også gjelde for vurderinga av flytting til utlandet. Dette tilseier «særlege grunnar» for flytting sidan det er ein høg terskel for fråtaking av foreldreansvaret. Ein annan måte å seie dette på er at det er ein presumsjon for at status quo ville vera til barnets beste. Eg kan ikkje sjå at barnelova § 48 gjev rom for å stille opp eit slikt tilleggsvilkår eller ein slik presumsjon for denne sakstypen.
- (39) Avgjerda av kva som er til beste for barnet, vil etter dette måtte takast ut frå kva for eit av dei alternativa som ligg føre, som best vil tryggje oppveksten og utviklinga til borna, etter ei konkret vurdering av alle dei relevante momenta i saka.
- (40) *Omsorgssituasjonen og dei to bustadalternativa*
- (41) Før eg går over til den konkrete vurderinga av kva som er det beste for C og D, vil eg seie litt om deira omsorgssituasjon og dei to alternativa som ligg føre i Vestfold og Toscana.
- (42) C og D, som no er seks og fem år gamle, er skildra som to velfungerande og normalt utvikla born med god og trygg tilknytning til begge foreldra. Borna har vist stressreaksjonar etter foreldras samlivsbrot, men reaksjonane har ikkje vore alvorlege. Det er ikkje noko som tyder på at nokon av dei har særlege behov som spelar inn på vurderinga av flyttespørsmålet. Barnehagen har ikkje uttrykt uro for nokon av borna. Den sakkunnige for Høgsterett har likevel gjeve uttrykk for at Cs framferd viser «underliggende sårbarhet som aktiveres i situasjoner som oppleves som ubehagelige/stressende for han».

- (43) Den sakkunnige for Høgsterett har konkludert med at mor har svært god omsorgsevne, men at ho er sliten, kjenner seg einsam og utan støtte. Dette er ei utfordring for omsorgsevna. Den sakkunnige meiner at det er ein risiko for at mors omsorgsevne kan bli redusert dersom ho blir buande i Noreg framover. Heller ikkje den sakkunnige for tingretten og lagmannsretten hadde noko å utsetja på mors omsorgsevne. Eg legg til grunn at mor er ein god omsorgsperson.
- (44) Den sakkunnige for Høgsterett har vurdert også fars omsorgsevne. Denne blir ikkje skildra like positivt som mors. Den sakkunnige for tingretten og lagmannsretten stilte derimot ikkje spørsmål ved fars omsorgsevne. Heller ikkje barnehagen, som har observert både far og mor over fleire år, har noko å utsetja på far. Erklæringa frå den sakkunnige for Høgsterett er i ein viss grad innretta som ei vurdering av mors kontra fars omsorgsevne. Men spørsmålet i saka er ikkje om borna skal bu fast hjå mor eller far – og i liten grad omfanget av samværet. Ut frå det samla provbiletet legg eg til grunn at far er ein vanleg god omsorgsperson.
- (45) Temaet i saka her er kor mor og borna skal bu. Mor og far er samde om å ha felles foreldreansvar, og at borna skal bu fast hjå mor – uansett om dette blir i Noreg eller i Italia. Vurderinga av dei to alternativa må såleis ta utgangspunkt i dette.
- (46) Borna bur i dag fast hjå mor i partanes tidlegare felles bustad. Borna har budd heile livet på den same staden. Mor er aleine om omsorga for borna når dei er hjå henne. Ho har ingen kontakt med fars familie, utan gjennom borna. Borna går i barnehage der dei har vener og har funne seg godt til rette. Dersom dei blir buande i Noreg, vil dei gå på skule i nærleiken. Det er kort veg til fars bustad. Borna har samvær med far annankvar helg og annankvar onsdag, i tillegg til i feriar. Samværet utgjør om lag ein tredel av tida.
- (47) Borna har hatt kontakt med – og har ein relasjon til – sine to halvsysken, men dei har aldri budd saman i det daglege. Det er ut frå alderen ikkje grunn til å tru at kontakten blir meir omfattande enn han har vore. Far budde frå juni 2017 til februar 2019 i ei leilegheit hjå mor si på Y – der også borna var ved samvær. Kontakten med farmor vil truleg bli noko mindre etter at far har flytta tilbake til Z. Borna har ei god tilknytning til farmor.
- (48) Borna har ofte vore på vitjing hjå mors foreldre i Italia – dei seinare åra mellom tre til fem gonger i året. Besteforeldra har vitja Noreg tilsvarende ofte. Mor og borna har hatt jamleg kontakt med hennar foreldre gjennom telefon og video. Det er ikkje grunn til å tru at dette vil bli vesentleg annleis dersom mor og borna ikkje flyttar til Italia.
- (49) Ved flytting til Italia vil mor busetja seg med borna i den landsbyen der ho vaks opp. Mor har eit stort nettverk av familie og vener der. Mor og borna vil bu i det same huset som mors foreldre, i ei eiga leilegheit. Borna er godt kjente, også med mors nettverk. Borna kan gå i barnehage og på skule i nærleiken. Om mors omsorgsevne vil bli meir robust ved flytting til Italia, kjem eg tilbake til nedanfor.
- (50) Ved flytting vil borna bli rivne opp frå det miljøet og nettverket dei i dag er ein del av. Det er vidare urealistisk at samværet med far kan gjennomførast like hyppig som i dag. Den daglege kontakten med far må varetakast gjennom bruk av telefon og internett.
- (51) Ingen av partane har kravd samværet mellom far og borna fastsett ved dom dersom mor får medhald i kravet om flytting. Ut frå det som vart framført på vegner av mor under ankeforhandlinga i Høgsterett, legg eg til grunn at det vil kunne bli eit omfattande samvær,

slik at borna får høve til å oppretthalde si gode og nære tilknytning til far. Det er ikkje grunn til å tru at ei endring av jurisdiksjonen for spørsmålet om samvær frå Noreg til Italia vil skape risiko for at fars kontakt med borna blir vanskelegare. Den sakkunnige for Høgsterett har gjeve uttrykk for at forholda ligg uvanleg godt til rette for vitjingar frå far. Eg nemner at far har gjeve uttrykk for at han vil vitje borna i Italia dersom mor får medhald. Mor har på si side gjeve uttrykk for at dersom borna får flytte til Italia, vil far alltid vera velkomen på vitjing, og at han kan ta med sine særkullsborn og bli så lenge han vil. Han kan i slike tilfelle bu i mors leilegheit og låne bilen hennar. Ho kjem også til å vitje Noreg med borna. Mor understrekar at borna er både norske og italienske. Ho vil snakke norsk til borna sidan det er viktig at dei held på språket for kontakten med far, familien hans og Noreg.

- (52) *Den konkrete vurderinga av kva som er best for C og D*
- (53) Spørsmålet er om å bu med mor i Italia vil vera betre for C og D enn å bu med mor i Noreg. Fordelane må vegast opp mot ulempene. Det ligg føre gode argument for begge alternativa. Borna i denne saka vil truleg få det godt uansett alternativ; spørsmålet er kva for løysing som samla sett vil vera den beste for dei. Dette må som nemnt vurderast konkret.
- (54) Eit moment er kva for løysing som vil gje best samla foreldrekontakt. Tydinga av kontakt med begge foreldra er mellom anna uttrykt i FN's barnekonvensjon artikkel 9 nr. 3 og artikkel 18 nr. 1. Det er utan vidare klart at innhaldet i den samla foreldrekontakten vil endrast dersom mor flyttar med borna til Italia. Ved flytting til Italia vil samværet med far endre karakter. Innhaldet i dagens samværsordning kan ikkje kompenseras ved lengre feriesamvær og hyppige telefon- og videosamtaler. Samstundes er det grunn til å peike på at ein ved vektlegginga av samvær i ei vurdering av barnets beste, ikkje berre kan sjå på omfanget og frekvensen isolert.
- (55) I forlenginga av dette må reiseavstanden nemnast. Det forholdet at det kan vera lange reiseavstandar også i Noreg svekker ikkje dette motargumentet. Samstundes er det grunn til å peike på at borna alt er vane med relativt hyppige reiser mellom Noreg og Italia. Dette vil truleg halde fram uansett kvar dei bur.
- (56) Eit anna moment er alderen til borna. Dette momentet får tyding på fleire måtar. Eg nemner fyrst at born har rett til å bli høyrte i spørsmål som har tyding for dei, jf. Grunnlova § 104 fyrste ledd, FN's barnekonvensjon artikkel 12 og barnelova § 31. Det er ikkje noka aldersgrense for retten til å uttale seg. Bornas eiga meining vil etter omstenda kunne få avgjerande vekt. Dette føresett at borna er i stand til å vurdere spørsmålet på eit sjølvstendig grunnlag. Det er ikkje tilfellet her. Borna er for små til å ha noka velgrunna meining om dette komplekse spørsmålet. Partane er samde i å skjerme borna mot spørsmålet om flytting.
- (57) C og D er i dag seks og fem år gamle. I motsetnad til for eldre born vil det vera ein større risiko for at dei mistar det norske språket heilt eller delvis og med det reduserer høvet til kontakt med far og familien hans. I saka her vil det vera mykje opp til mor om borna opprettheld norsk som språk.
- (58) Tilknytning til nærmiljøet er eit viktig moment. Begge borna har god tilknytning til barnehagen og vener i Noreg. C skal eventuelt byrje på skulen til hausten saman med kameratar. Ei flytting vil ta bort kontakten med fars familie. Samstundes legg begge dei sakkunnige til grunn at det ikkje er stor risiko knytt til ei flytting. Borna snakkar alt

italiensk og vil koma til eit miljø dei kjenner. Rett nok har dei berre vore i Italia på mors fritid, men dei kjenner besteforeldra og omgjevnadene godt. I Italia vil borna bu i det same huset som besteforeldra, som dei alt har ein nær relasjon til. Barnehage og skule er i nærleiken. Høvet til dagleg kontakt med besteforeldra er positivt for borna. Også i Noreg vil borna faktisk bli utsett for skifte av miljø, til dømes ved overgang frå barnehage til skule. Eit kjenneteikn ved denne konkrete saka er såleis at risikoen ved miljøskiftet er svært liten, om nokon.

- (59) Eit siste moment er omsynet til barnet elles. I saka her ligg det fast at borna uansett skal bu hjå mor. Eg legg difor ikkje vekt på at borna er noko mindre knytt til far enn til mor. Mor er og skal vera primæromsorgspersonen. Mors omsorgsevne i Noreg kontra i Italia blir då sentral.
- (60) Mors økonomiske situasjon vil nok bli betre i Italia. Som barnehagetilsett i Noreg har ho ikkje høg inntekt for å handtere eit bustadlån på over to millionar kroner. I Italia vil ho vera gjeldfri. Mor og borna vil bu kostnadsfritt i ei leilegheit mor på sikt vil overta frå foreldra sine. Dette kjem borna til gode.
- (61) Mor gjev uttrykk for at ho er aleine og einsam. Ho opplever eit vedvarande sagn av heimstaden i Italia og fellesskapet ho opplever med familie og vener der. Den sakkunnige har peikt på at mor er sliten, og er uroa for mors psykiske helse og meiner at mor lever under konstant press med manglande støtte i Noreg. Dette kan svekke hennar ressursar og på sikt føre til depresjon. Det er såleis risiko for at mors omsorgsevne blir redusert dersom ho og borna blir verande i Noreg. Ved flytting til Italia vil mor kunne få bistand frå sine foreldre, som vil bu i det same huset, og nettverket elles. Eg finn det klart at mor vil få det betre i Italia enn i Noreg. Dette vil truleg verke inn på omsorgsevna hennar.
- (62) Sidan risikoen ved miljøskifte er svært liten og borna uansett skal bu fast hjå mor, må ein kunne vente at borna får den mest robuste omsorgsbasen med mor i Italia. Flytting til Italia vil best tryggje bornas oppvekst og utvikling. Det er større usikkerheit ved omsorgssituasjonen dersom dei blir i Noreg. Sjølv om sjeldnare kontakt med far vil vera eit tap for borna, ligg forholda godt til rette for at dei kan oppretthalde ei god og sterk tilknytning også etter ei flytting.
- (63) B får etter dette medhald i kravet om flytting ut av landet med borna C og D. Anken blir forkasta.
- (64) *Sakskostnader*
- (65) Anken har ikkje ført fram. Ankemotparten har då som hovudregel krav på full erstatning for sine sakskostnader frå motparten, jf. tvistelova § 20-2 fyrste ledd. Saka er den fyrste i sitt slag og har openbart stor tyding for partanes velferd. Tungtvegande grunnar talar difor for å fritta den ankande parten for ansvaret, jf. § 20-2 tredje ledd. Dette gjeld for alle tre instansar.

(66) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Anken blir forkasta.
2. Sakskostnader blir ikkje tilkjente for Høgsterett.

(67) Dommer **Falch:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.

(68) Dommer **Bull:** Likeså.

(69) Dommer **Kallerud:** Likeså.

(70) Dommer **Webster:** Likeså.

(71) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Anken blir forkasta.
2. Sakskostnader blir ikkje tilkjente for Høgsterett.